

Torgersen Bjørg

Fra: Geir Lyngaas [geirrsan@online.no]
Sendt: 9. januar 2005 21:30
Til: Postmottak BFD
Emne: Merknad til ny barnehagelov

330.00	MR.
1	
2004/04/69	SIGNE

-207

Vedlagt følger merknad frå foreldre i Ylvisåker barnehage i Sogndal, v/foreldrerepresentant.

Geir Lyngaas
Foreldrerepresentant Ylvisåker barnehage
6859 Sogndal

Barne- og familiedepartementet

09.01.2005

Ny barnehagelov

I framlegg til ny barnehagelov er det nokre svært uheldige sider som me som foreldre i Ylvisåker barnehage i Sogndal vil gi vårt syn på.

Som foreldre ser me klare behov for at minstekrav til barnehagar vert oppretthelde. Det gjeld særleg krava til tal pedagogar, gruppestorleik og krav om minsteareal. Når me som foreldre vel å ha ungane i barnehage, er det fordi me er trygge på at ungane vert godt ivaretekne. Det gjeld særleg tilrettelegginga for sosial utvikling, og for best mogleg motorisk og mental utvikling.

Me som foreldre vil gjere det me kan for at ungane skal får ei god utvikling. Mange ungar har full dag i barnehagen, 5 dagar i veka. Tida i barnehagen er difor svært avgjerande for utviklinga til ungane. For å sikre at ungane får ei best mogleg ramme for ein god oppvekst, er det viktig at minstekrava vert oppretthelde. Få pedagogar og store grupper, meiner me vil gjere at kvalifisert personell ikkje får tilstrekkeleg kontakt med dei einskilde ungane til at dei vert stimulert ut i frå sine premissar. På same vis meiner me at store grupper og lite areal pr. unge gir mykje uro, og dårlege vilkår for nemnde utvikling. Dette vil også medføre at ungar som ikkje kan eller vil delta i dei mest støyande/fysiske aktivitetane, ikkje har høve til å utøve rolegare/stille leik/interaksjon. Barnehagedagane kan såleis verte unødige stressande for desse, og også dei meir aktive ungane, som følgeleg må dempe/tilpasse sin aktivitet.

Dagens økonomi i kommunane, vil tvinge mange kommunar til å tilpasse krava til økonomien - i større grad enn det deira fagtilsette kan tilrå. Me meiner difor at minstekrava må oppretthaldast.

Med helsing

Geir Lyngaas
- foreldrerepresentant -